



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135
Tore Larsen, 5764 3126

Fråsegn til planendring for Illvatn pumpekraftverk i Luster kommune

Statsforvaltaren legg til grunn at inngrep i naturmiljø blir avgrensa til det som er nødvendig, at alle tiltak blir godt tilpassa terreng og landskap, og at området blir stelt til etter moderne prinsipp. Vi er i tvil om kunnskapsgrunnlaget er godt nok, ettersom det i stor grad er basert på eldre data som neppe er i tråd med nye krav til kartleggingsmetodikk og konsekvensvurderingar. Vi føreset derfor mellom anna god kontakt med villreinnemnda både under planlegging og gjennomføring av arbeidet.

Vi viser til høyringa av planendringssøknad for Illvatn pumpekraftverk.

Kort om planendringane

- Flytting av tverrslag ca. 1,2 km sørover frå sørenden av Illvatn til Nørdestedalen
- flytting av deponi frå Illvatn under HRV til terrenget ved tverrslag i Nørdestedalen
- auka samla deponert masse frå 300000 m³ til 510000 m³, med følgjande fordeling:
 - deponi Fivlemyr blir auka frå 200 000 m³ til 320 000 m³.
 - deponi Illvatn på 100 000 m³ blir flytta til Nørdestedalen og auka til 190 000 m³
- etablering av ledevoll i tilknytning til inntak i magasin ved Fivlemyr
- oppgradering og utvidingar av veg frå Sveinsøystølen til Fivlemyr; inkludert veg til Nørdestedalseter

Våre merknader

Vi legg til grunn at inngrep i naturmiljø og beiteareal blir avgrensa til det som er strengt nødvendig, at alle tiltak blir godt tilpassa terreng og landskap, og at området blir stelt til etter moderne prinsipp basert på den lokale frøbanken. Ei utbygging i sårbar natur med lang restitueringsstad tilseier at det må visast spesiell varsemd og skånsam framferd.

Tiltaksområdet ligg i høgfjellsnatur, tett på Breheimen nasjonalpark, og er innfallsport til nasjonalparken. Det er fleire viktige naturtypar i området som vil bli påverka av planlagde nye inngrepsareal, mellom anna snøleie (sårbar -VU) på raudlista. Heile tiltaksområdet har stor KU-verdi. Turruta frå Nørdestedaleseter til Sota sæter og som er ein av dei viktigaste i nasjonalparken, går via Fivlemyrane og Illvatnet.

Vurderinga av naturtypar og artar er basert på konsekvensutgreiinga for det opphavlege prosjektet, utført i 2010. Det betyr òg at dei nye inngrepsområda er vurdert grovt ut frå kva som var tilstanden i



områda då dei blei kartlagde sist. Det kan til dømes ha skjedd endringar i villreinen sin arealbruk etter 2012, og som er grunnlaget for vurderingar knytte til den arten i søknaden om planendring. Det blir der argumentert med at det ikkje ligg føre observasjonar av villrein i tiltaksområdet på eit kart frå 2012. Det blei likevel registrert fleire flokkar med villrein like nord for Illvatnet, og dette har også i seinare år vore viktige område for reinen, noko som mellom anna går fram av fellingsresultata frå reinsjakta. som blei kartlagde sist.

Vi legg til grunn at det blir vurdert om utgreiingane og vurderingane generelt held mål etter dagens standard, etter dei seinare års revisjonar av rettleiarar og overgang til nye kartleggingsmetodar til dømes innan naturkartlegging. Tiltaksområdet ligg i eit viktig villreinområde, og det må haldast god kontakt med villreinnemnda i anleggsperioden.

Flyttinga av tverrslag og deponi frå Illvatnet til Nørdestedalen vil byggje ned ny natur, som ligg i større avstand til eksisterande inngrep. Både tverrslaget og deponiet vil bli synleg i det opne landskapet, og er venta å gje «betydeleg konsekvens» for landskap, «middels konsekvens» for naturmiljø, og «noko konsekvens» for friluftsliv.

Det nye deponiet ved Fivlemyr er planlagt nær eksisterande reguleringsinngrep og veg, men vil byggje ned nye naturareal. Det er venta noko konsekvens for naturmiljø, og «ubetydeleg konsekvens» for landskap og friluftsliv.

Tiltakshavar har vurdert alternativ med permanent eller mellombels veg i Nørdestedalen, men har kome til at dette ville gi for store konsekvensar for sårbar høgfjellsnatur tett opp mot Breheimen nasjonalpark. Det har òg vore vurdert om heile tunnelen kan drivast frå Fivlemyr, og det er nemnt fleire ugunstige verknader som gjer dette til ei dårlegare løysing enn alternativet det er søkt om.

Oppgraderinga av vegen opp Fortunsdalen går ut på å utvide/leggje om vegen enkelte stader for å kunne transportere opp tyngre anleggsmaskinar. Dette forstår vi er avgjerande for å kunne gjennomføre utbygginga, og at det vil bli nærare utgreidd i detaljplanfasen. Det er fleire viktige naturtypelokalitetar langs vegen, så det er viktig å sjekke www.naturbase.no i planlegginga.

Planendringa legg opp til å deponere eit langt større volum med tunnelmasse. Vi legg til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M- 1243. Eventuelt betongavfall må handterast i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta.

Vi minner om at det må søkjast Statsforvaltaren om forureiningsløyve for tunneldrifta.

Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdier.

Med helsing

Tore Larsen
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Luster kommune

Vestland fylkeskommune

Postboks 77

Postboks 7900

6866

5020

GAUPNE

BERGEN